

Fra: Bjørn Berg <Bjorn.Berg@ngir.no>

Sendt: 26.09.2023 13:40:00

Emne: Innkalling til representantskapsmøte i NGIR mandag 23. oktober 2023 kl. 10.45 på Alver hotell

Hei!

Vedlagt ligg førebels innkalling til representantskapsmøte i NGIR mandag 23. oktober 2023 kl. 10.45 på Alver hotell.

Vedlagt ligg og referat frå representantskapsmøte 05.juni.

Saker som skal behandlast vert send ut minimum 14 dagar før møtedato.

Sjølv om kommunestyrevalet nett er ferdig, er det medlemmene frå førre kommunestyreperiode som skal møta.

Eg gjer merksam på at denne e-posten går som kopi til alle varamedlemmer i representantskapet. **Det er berre varamedlemmer som vert særskilt innkalla (og får ein eigen e-post/telefon om det), som skal møta.**

Innkallinga går også som kopi til eigarkommunane, styret og varamedlemmer til styret til orientering.

Eg vil og sende ut en elektronisk kalenderinvitasjon kor det kan meldast deltaking eller ikkje – for dei som vil bruke denne funksjonen.

Me oppfordrar alle til å melde frå så tidleg som mogleg dersom dei ikkje kan møte den aktuelle dagen, slik at me kan kalla inn vararepresentant.

Melding kan gjevast som svar på denne e-posten, eller via kalender-funksjon.

Med venleg helsing

Bjørn Ber

g

Dagleg leiar



Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS
Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvi

n

Org nr: 856 167 402

Bjorn.Berg@ngir.no

[+47 901 10 545](tel:+4790110545) | [56 34 33 2](tel:+4790110545)

9

www.ngir.no

Denne e-posten, inkludert vedlegg, kan innehalda konfidensiell og/eller sensitiv informasjon som berre er meint for personen den er adressert til. Viss du ikkje er rett mottakar, bør du varsle avsendar, og sletta denne e-posten.

[Informasjon om korleis me handsamar din persondata.](#)